

Saksframlegg

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 18/7710-1

Kontrollutvalet - Budsjett 2019/økonomiplan 2019 - 2022**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet gjer framlegg om budsjett for 2019/økonomiplan 2019 – 2022 for 410 Kontrollutval

Ansvar/ Funksjon	410 Kontrollutval	Rekneskap 2017	Revidert budsjett 2018	Netto - budsjett 2019	Netto - budsjett 2020	Netto - budsjett 2021	Netto - budsjett 2022
110/41001	Kontrollutvalet	615 143	852 000	852 000	852 000	852 000	852 000
110/41002	Sekretariatet	1 149 149	1 198 000	1 198 000	1 198 000	1 198 000	1 198 000
110/41003	Tenestekjøp	2 565 763	2 780 000	2 780 000	2 780 000	2 780 000	2 780 000
SUM – 410 Kontrollutval		4 421 055	4 830 000	4 830 000	4 830 000	4 830 000	4 830 000

Budsjett og økonomiplan vert å sende til fylkesutvalet/finansutvalet for innarbeiding i fylkeskommunen sitt budsjett.

Vedlegg:**Andre relevante dokument i saka:**

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget skal sørgje for at kontrollutvalet har eit ressursgrunnlag som er tilpassa utvalet sine oppgåver og ansvarsområde. Kontrollutvalet gir tilråding om budsjett/økonomiplan for 410 Kontrollutval. Denne tilrådinga vert sendt fylkesutvalet for innarbeiding i fylkesutvalet sitt samla framlegg til budsjett/økonomiplan. Tilrådinga frå kontrollutvalet skal følgje budsjettsaka til fylkestinget.

Grunnlaget for denne saka er vedtaket i fylkestinget i FT-sak 31/18, økonomiplan 2019 - 22. Utgangspunktet for eventuelle omprioriteringar vil vere gjeldande fordeling i høve til budsjett-logg for 2019-22, som for 410 Kontrollutval viser:

Ansvar/ Funksjon	410 Kontrollutval	Revidert budsjett 2018	Netto - budsjett 2019	Netto - budsjett 2020	Netto - budsjett 2021	Netto - budsjett 2022
110/41001	Kontrollutvalet	852 000	852 000	852 000	852 000	852 000
110/41002	Sekretariatet	1 198 000	1 198 000	1 198 000	1 198 000	1 198 000
110/41003	Tenestekjøp	2 780 000	2 780 000	2 780 000	2 780 000	2 780 000
SUM – 410 Kontrollutval		4 830 000	4 830 000	4 830 000	4 830 000	4 830 000

Kontrollsjefen utarbeider budsjettforslag for 410 Kontrollutval, som omfattar budsjettmidlar for kontrollutvalet, sekretariatet og kjøp av revisjonstenester (Tenestekjøp). Budsjettforslaget vert lagt fram som sak for kontrollutvalet. Etter handsaming i kontrollutvalet vert budsjettet lagt inn i budsjettsaka som administrasjonen utarbeider til handsaming i fylkesutvalet, og til slutt fylkestingshandsaming.

2. Vurderingar og konsekvensar

Det er viktig å innleiingsvis gjere merksam på at kontrollutvalet har eit oppdrag frå fylkestinget om å sjå til at den fylkeskommunale forvaltninga vert gjenstand for trygg kontroll og revisjon. Grunnlaget for oppdraget er fylkeskommunen sitt ansvar for tenester til innbyggjarane i fylket.

Ansvar 110, Funksjon 41001 - Kontrollutvalet

Justering av aktivitet er basert på erfaring frå dei siste åra. Det er ei vidareføring av budsjettet for 2018 justert i høve til pris- og lønsvekst.

Kontrollsjefen foreslår slikt budsjett for kontrollutvalet for 2019/økonomiplan 2019 - 2022:

Kontrollutvalet	Rev. Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
41001 - kontrollutvalet	852 000	852 000	852 000	852 000	852 000

Ansvar 110, Funksjon 41002 - Kontrollutvalet sitt sekretariat

Budsjettet for sekretariatet er ei vidareføring av revidert budsjettet for 2018.

Kontrollsjefen foreslår slikt budsjett for sekretariatet for 2019/økonomiplan 2019 - 2022:

Sekretariat for kontrollutvalet	Rev.budsj . 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
41002 - sekretariatet	1 198 000	1 198 000	1 198 000	1 198 000	1 198 000

Ansvar 110, Funksjon 41003 - Kjøp av tenester

Kontrollutvalet skal som ein av sine oppgåver kjøpe revisjonstenester på vegne av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Revisjonstenestene omfattar både finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. I tillegg ser vi at det vert stadig større behov for juridisk bistand i samband med enkelte kontrollhandlingar. Budsjettpost for kjøp av tenester vert i neste års budsjett, som tidlegare år, delt i to.

A. Finansiell revisjon og selskapskontroll i.h.t selskapsavtalen med SF revisjon IKS

Selskapsavtalen for SF revisjon IKS regulerer kva eigarane skal betale for finansiell revisjon og attestasjonsoppdrag til selskapet.

Finansiell revisjon og selskapskontroll blir vurdert til om lag kr. 1 680 000 for 2019, som er ei vidareføring av revidert budsjett 2018. Dette talet er noko usikkert fram til budsjettet for SF revisjon vert endeleg vedteke av representantskapet. Det vil sannsynlegvis skje i løpet av oktober 2018.

B. Forvaltningsrevisjon

I følgje merknaden til § 9 i forskrift for kontrollutval har fylkestinget ansvar for å stille dei nødvendige budsjettmidlar til rådvelde slik at kontrollutvalet kan gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Vi har i dag ein rammeavtale for kjøp av forvaltningsrevisjon med Deloitte AS som gjeld til 31.5.2019, med opsjon for forlenging av avtalen i to år.

Oppsummering Kjøp av tenester

Kontrollutvalet har i 2018 ei ramme på kr. 2 780 000 til kjøp av revisjonstenester. Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å budsjettere kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2019 med kr. 1 680 000. (NB! Atterhald om at budsjettvedtak i representantskapet) og kjøp av forvaltningsrevisjon for kr. 1 100 000 kroner. Dette er ei vidareføring av budsjettet for 2018. Kontrollsjefen er av den oppfatning at kontrollutvalet med å nytte ramma optimalt bør få revidert forvaltninga i fylkeskommunen i 2019 og åra framover på ein god måte, og i samsvar med fylkestinget sine forventningar, med dei atterhald som er nemnt i saksutgreiinga.

Sekretariatet foreslår følgjande budsjett for kjøp av tenester for 2019/økonomiplan 2019 - 2022:

Kjøp av tenester	Revidert budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
A. Finansiell revisjon og selskapskontroll	1 680 000	1 680 000	1 680 000	1 680 000	1 680 000
B. Forvaltningsrevisjon	1 100 000	1 100 000	1 100 000	1 100 000	1 100 000
SUM Kjøp av tenester	2 780 000	2 780 000	2 780 000	2 780 000	2 780 000

3. Konklusjon/tilråding

Budsjett 2019/Økonomiplan 2019-2022:

Forventa framtidige rammer i økonomiplanperioden vert det same som budsjettet for 2018, med endringar som følgje av pris- og løns-justeringar.

Ansvar/ Funksjon	410 Kontrollutval	Rekneskap 2017	Revidert budsjett 2018	Netto - budsjett 2019	Netto - budsjett 2020	Netto - budsjett 2021	Netto - budsjett 2022
110/41001	Kontrollutvalet	615 143	852 000	852 000	852 000	852 000	852 000
110/41002	Sekretariatet	1 149 149	1 198 000	1 198 000	1 198 000	1 198 000	1 198 000
110/41003	Tenestekjøp	2 565 763	2 780 000	2 780 000	2 780 000	2 780 000	2 780 000
SUM – 410 Kontrollutval		4 421 055	4 830 000	4 830 000	4 830 000	4 830 000	4 830 000

Dette budsjettet 2019/økonomiplanen for perioden 2019 – 2022 vert kontrollsjefen si tilråding til vedtak.

Ramma vert justert for eventuell pris- og lønsvekst som vert gjort kjent i samband med statsbudsjettet som vert lagt fram i oktober.

Dersom kontrollutvalet eller kontrollsjefen ser behov for justeringar i 2019 vil vi kome med disse i samband med tertialrapportering.